



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
21.06.2017
Dykkar dato
19.06.2017

Vår referanse
2017/7874 421.3
Dykkar referanse
17/1210

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Radøy - oppstart detaljregulering Mangersvåg kloakkanlegg - uttale

Me viser til melding om oppstart av planarbeid for Mangersvåg kloakkanlegg med frist til 08.08.2017 for å koma med uttale.

Planområdet er på om lag 1,3 daa og det er opplyst at arealet i hovudsak vil bli regulert til offentlig areal, næring og infrastruktur. Planen erstattar delar av kommunedelplanen for Manger og delar av reguleringsplanen for Mangervåg industriområde. Det er førebels lagt til grunn av kommunen at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

ROS-analyse

Kommunane skal fremma samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Funn frå kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal leggjast til grunn for ROS-analysar etter pbl der det er relevant, jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 og § 3 b.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vere minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal leggja til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremma helse i befolkninga og bidra til å førebygga psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som

bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Naturmangfald

Me minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må koma tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Mangerspollen registrert som viktig naturtype i naturbase. Som grunnlag for registreringa er det m.a. vist til at pollar med tilhøyrande brakkvassvegetasjon er sjeldan i regionen. Det er då viktig at det ikkje vert sett i gong tiltak som reduserer vassutskiftinga i pollen. Eventuelle konsekvensar for denne naturtypen må såleis vurderast og takast omsyn til i det vidare planarbeidet. Det er også registrert fleire fugleartar i området som fiskemåse og lappfiskand.

Friluftsiinteresser

Me minner vidare om at området Manger - Skageneset er vurdert til å vera svært viktig friluftsområde.

Me ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.